



## Saksframlegg

| Utval                 | Møtedato | Utvalsak |
|-----------------------|----------|----------|
| Plan- og miljøutvalet |          |          |

## Søknad om motorferdsel på Hardangervidda

### Vedlegg

- 1 475.1 Vedtak i klagesak.pdf
- 2 Søknad - Motorferdsel på Hardangervidda og dalstrøkene rundt 2026-2027.pdf
- 3 Søknad - Motorferdsel på Hardangervidda og dalstrøkene rundt 2026-2027

### Bakgrunn

Norsk institutt for naturforskning (NINA) søker om løyve til bruk av helikopter og snøskuter i samband med GPS-merking og oppfølging av villrein og elg på Hardangervidda i perioden 2026–2027. Tiltaket er grunngjeve med behov for kunnskap knytt til skrantesjuka (CWD) og villreinforvaltning.

Hardangervidda er eit nasjonalt villreinområde der Vinje kommune har eit særleg ansvar for å avgrense menneskeleg påverknad. Sjølv om formålet med prosjektet er viktig, inneber søknaden bruk av motorferdsel i eit sårbart område. Kommunen må difor leggje vekt på restriktiv praksis, samla belastning og føre-var-prinsippet.

NINA har over fleire år hatt løyve til GPS-merking av villrein og elg på Hardangervidda. For 2026 er planen å merke inntil 20 villrein på Hardangervidda, med mogleg behov for oppfølging og innhenting av GPS-halsband ved bruk av helikopter eller snøskuter. Søknaden er utforma som ei fleirårig rammesøknad fram til og med 2027.

### Vurdering

Vinje kommune anerkjenner at kunnskap om villrein og skrantesjuka er viktig både lokalt og nasjonalt. Samstundes er villreinen særleg sårbar for forstyrningar vinterstid, og motorferdsel med helikopter er blant dei mest belastande inngrepa i villreinområde.

NINA peikar på at det per i dag ikkje finst fullgode alternativ til helikopterbasert merking av villrein på Hardangervidda. Dette er truleg korrekt, men det er likevel relevant å stille krav til:

- reduksjon i tal dyr som merkast,
- streng prioritering av når oppfølging med helikopter faktisk er naudsynt,
- sterkare samordning med SNO og andre aktørar for å redusere tal flygingar.

Søknaden omfattar eit relativt stort og ope omfang av motorferdsel over fleire år. Ei slik rammetillatelse kan vere uheldig sett i ljøs av:

- behovet for å redusere samla belastning på villreinen
- føringane i naturmangfaldlova om føre-var-prinsippet
- kommunen sitt ansvar for å føre ein restriktiv praksis for motorferdsel i verneområde

Kommunen meiner det er viktig at forskingsprosjekt også tilpassar seg målsetjingane om mindre inngrep og at motorferdsel vert avgrensa til det som er strengt naudsynt. Det bør difor ikkje gjevast generelle fleirårige løyve utan ny vurdering.

Vinje kommune meiner det kan gjevast løyve til naudsynt motorferdsel knytt til prosjektet, men berre innanfor stramme rammer. Løyvet bør avgrensast i tid og omfang, og det bør stillast klare vilkår for gjennomføring og rapportering. Eventuelt behov for vidare løyve i 2027 må vurderast på nytt.

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Vinje kommune gjev løyve til avgrensa motorferdsel i 2026 i samband med GPS-merking og oppfølging av villrein og elg, jf. gjeldande regelverk.

Løyvet omfattar:

- bruk av helikopter til GPS-merking av villrein i avgrensa omfang,
- naudsynt oppfølging av dødsvarsel og innhenting av GPS-halsband,
- avgrensa bruk av snøskuter i vintersesongen.

Motorferdsel skal avgrensast til eit minimum og samordnast med Statens naturoppsyn der dette er mogleg.

Løyvet gjeld berre for 2026. Eventuell vidareføring i 2027 krev ny politisk handsaming.

Norsk institutt for naturforskning skal rapportere til Vinje kommune om gjennomført motorferdsel og erfaringar frå prosjektet.